

Avtale om kunst frå KORO

Vedtatt av styret til KORO juni 1998, justert april 2009 og april 2013

Avtalen omhandlar eigarskap og forvaltning av kunst overlevert ... (mottakarinstans) ... gjennom ordningane til KORO.

Mellom og Kunst i offentlege rom (KORO) er denne avtalen i dag inngått:

1. Kunsten blei overlevert mottakarinstansen ved overtakingsforretning halden og omfattar dette verket:

Inventarnr.	Kunstnar	Tittel	Prod.år	Talet på einingar	Plassering	Teknikk	Format (cm)

2. Staten eig kunsten. Eigarskapet blir ivaretatt av KORO. Mottakarinstansen har det pågåande forvaltningsansvaret for kunsten slik det er angitt i denne avtalen. KORO har det overordna forvaltningsansvaret.

Når mottakarinstansen leiger eigedommen der kunsten er plassert, frå tredjemann, eller overlèt forvaltninga av eigedommen til tredjemann,

- skal ein kopi av denne avtalen med vedlegg følgje med mottakarinstansen si avtale med tredjemann.
- er mottakarinstansen plikta til å sørge for at pliktene i denne avtalen, med tilhøyrande vedlikehaldsinstruks og avgjerder om vernesone, blir følgt.

3. Mottakarinstansen skal utnemne ein person som skal ivareta ansvaret til mottakarinstansen etter denne avtalen og fungere som kontaktperson straks kunsten er overlevert til mottakarinstansen. Denne funksjonen skal knytast til ei administrativ stilling.

Mottakarinstansen skal snarast råd gi KORO skriftleg melding om kva for stilling som er tillagt denne oppgåva, kven som har denne stillinga, samt eventuelle endringar.

4. Mottakarinstansen er ansvarleg for forvaltning – inkludert bruk, drift og vedlikehald – av kunsten og dekker alle utgifter i samband med dette, også utgifter til utbetring av eventuelle skader som følgje av ytre omstende som f.eks. hærverk, miljø m.m.

Mottakarinstansen pliktar å følgje vedlikehaldsinstruksen (vedlegg 1) og avgjerdene som gjeld angitt vernesone (vedlegg 2), for dei respektive verka.

Bruk av kunsten skjer ved at den blir vist eller framført på den staden der verket er plassert, slik det er avtalt med KORO. Dersom det blir framført eit musikkverk som ein del av verket, er det mottakarinstansen sitt ansvar å inngå nødvendig avtale med TONO om framføringa og betale vederlaget for ei slik framføring.

Skiltet frå KORO som viser namnet på kunstnaren og tittelen på verket, skal følgje det enkelte kunstverket og bli vist saman med dette. Pliktene til mottakarinstansen etter denne avtalen omfattar også skiltet.

KORO skal kontaktast dersom det oppstår problem i samband med forvaltninga.

5. Kunsten har opphavsrettsleg vern etter Åndsverklova. Dette vernet blir handheva av kunstnaren og av KORO i eigenskap av å ha det overordna ansvaret for forvaltninga av kunsten.

Annan bruk av kunsten enn angitt i pkt. 4 tredje ledd krev samtykke frå KORO og kunstnaren, når ikkje anna følgjer av Åndsverklova. Ved fotografi eller andre former for reproduksjon av verket og bruk av slike er samtykke frå kunstnaren tilstrekkeleg.

Det er ikkje lov å gjere endringar i kunsten.

6. Mottakaren skal på førespurnad formidla gjennom KORO i rimeleg grad gi kunstnaren lov til å gjengi kunstverket når det er nødvendig for kunstnaren si utnytting av rettane sine eller dokumentasjon av kunsten.
7. Det er ein føresetnad at kunsten blir respektert. Ein skal overhalde angitt vernesone ifølgje vedlegg 2 slik at kunst og andre objekt ikkje kjem i visuell eller fysisk konflikt med kvarandre.

Dersom det av tekniske eller andre grunnar er nødvendig å gjere inngrep eller endringar i bygningen eller omgjevningane rundt som har konsekvensar for kunsten, skal KORO og kunstnaren bli kontakta i god tid før endringa er planlagt gjennomført. KORO kan i slike tilfelle krevje kunsten tilbakelevert eller påby tiltak på mottakarinstansen si rekning, inkludert fjerning av kunsten.

Viss mottakarinstansen av andre grunnar ønskjer å gjere tiltak som nemnt over, eller flytte eit kunstverk som er omfatta av denne avtalen, eller få eit kunstverk fjerna eller destruert, skal KORO få beskjed snarast, og kunstnaren varslast i god tid før endringa er planlagt gjennomført.

8. Dersom kunsten ikkje blir forvalta i samsvar med denne avtalen, kan KORO pålegge mottakarinstansen retting innan ein rimeleg frist. Dersom mottakarinstansen ikkje etterkjem pålegget, kan KORO utføre retting på mottakarinstansen si rekning. Dersom KORO, etter ei kunstfagleg vurdering, finn at endringar i bygningsmiljøet eller innreiinga fører til at omgjevningane ikkje lenger er eigna som ramme for kunsten, kan KORO krevje kunsten tilbakelevert eller at det blir utført tiltak for å bevare verknaden av kunsten i romleg samanheng. Slike tiltak blir fastsett av KORO og betalt av mottakarinstansen, med mindre anna blir avtalt i kvart enkelt tilfelle.

Når kunsten innanfor det som må reknast som forventet levetid, blir levert tilbake til KORO etter avgjerdene her, skal mottakarinstansen dekke utgiftene ved å sette kunsten i slik stand som KORO i rimeleg grad kan forvente at den skal ha, tida som er gått tatt i betraktning.

Ved brann, tjuveri eller annan skade på kunsten skal KORO og kunstnaren blir varsla utan ugrunna opphald. Avgjerda i pkt. 4 første ledd om dekking av utgifter gjeld tilsvarande.

9. Om det er planlagt sal av bygningen eller mottakarinstansen skal flytte, skal KORO straks bli kontakta. Ein må da inngå ein nærmare avtale om kva som skal skje med kunsten. KORO er endeleg vedtaksmyndigheit i slike saker.
10. KORO vil foreta inspeksjon av kunsten etter behov for å sørge for at denne avtalen blir halden.
11. Denne avtalen er underskriven i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

.....
Stad Dato

.....
Stad Dato

.....
For Kunst i offentlege rom (KORO)

.....
For mottakarinstansen

Kopi: Kunstnar
 Eigar/utleigar/forvaltningsansvarleg for eigedommen

Vedlegg: Vedlikehaldsskildring
 Definisjon av vernesone
 Utskrift frå kunstverkdatbasen

VEDLEGG 1: VEDLIKEHALDSSKILDRING

Vedlikehald

VEDLEGG 2: DEFINISJON AV VERNESONE